



Nesbyen kommune

Kristen Harald Eidal
Eidalsvegen 19
3540 Nesbyen

Deres ref	Vår ref	Dato
	2023/995-1	07.08.2023

56/38 - Førehandsvarsel om utbetring av avløpsanlegg - Eidalsvegen 19 og 21

5 av kommunane i Hallingdal har gått saman og etablert eininga «Kommunalt avløpstilsyn og Vassforvaltning» forkorta til KAV. KAV skal føre tilsyn med spreidd avløp i kommunane og pålegge utbetring der anlegga har manglar/ikkje tilfredsstillar dagens krav. I 2019 fekk kommunane pålegg frå Miljødirektoratet om opprydding i spreidd avløp. Jf. dette pålegget skal alle avløpsanlegg innan 2027-2033 tilfredstille forskrift. I etterkant av detta vedtok politikarane ein tilsynsplan som legger føringane for kva for anlegg som blir prioritert utbetra i tida framover.

KAV har fått delegert mynde frå kommunane, jf. vertskommuneavtala som er signert til og følgje opp Forurensningslova LOV – 1981-03-13-6 §§7, 11, 18 og 23.

Saksopplysningar:

Ved tømning den 27.07.2023, vart det registrert ein betong kum på eigedom 56/38 med adresse Eidalsvegen 19 og 21. Eldre betong kummar har anten dårleg infiltrasjon grunna alder på anlegget, eller ingen infiltrasjon i det heile tatt då mange av desse løysingane vart bygd utan tett botn. Jf. Tilsynsplan som er politisk vedteken, er dette anlegg som står først på lista over anlegg som skal prioriterast i oppryddingsarbeidet. I tillegg er betong kum svært sjeldan tett, då det har oppstått sprekker mellom kum-ringane. Dette førar til at ureinsa avløpsvatn sig ut i grunn rundt avløpsanlegget.

Rehabilitering/utskifting av avløpsanlegg er søknadspliktig. Dykk må kontakte røyrleggar/entreprenør som kan hjelpe dykk med dette arbeidet, samt søke etter plan- og bygningslova samt forureiningsforskrifta. Liste over føretak som har dokumentert kompetanse ovanfor kommuna ligger vedlagt, dykk står likeins fritt til og nytte andre godkjente føretak til dette arbeidet.

Kommunalt avløpsnett ligger 180m frå eigdommen. Kravet om utbetring av avløpsanlegg blir også gjeve til Eidalsvegen 39, 49, 48 og 53. Det kan derfor vera lurt og vurdere kommunalt, framfor bygge fleire nye avløpsanlegg. det er likeins vurdert til at det ikkje er rimeleg og krevja kommunalt, men det blir likeins oppfordra til dette.



Det er anleggseigar sitt ansvar og ha eit fungerande avløpsreinseanlegg. Krava har også blitt strengare med åra. Det blir normalt gjeve 2 barmarksesongar for utbetring av avløpsanlegg. Frist for utbetring blir sett til **01.10.2025**, innan denne fristen skal søknad om ferdigattest for nytt avløpsanlegg vera motteke.

Førehandsvarsel:

Med bakgrunn i ovannemnte vil det no bli førehandsvarsla krav om utbetring av avløpsanlegg. Den som får eit vedtak retta mot seg skal jf. Forvaltningslova §16 førehandsvarslast. Dette er og sjå som eit førehandsvarsel om utbetring av avløpsanlegget på eigedom 56/38 frist for utbetring blir sett til 01.10.2025. Kommuna har heimel i §7 for og pålegge tiltak etter forureiningslova. Dersom du har merknadar til dette varselet skal dei vera i kommunens hende seinast 3 veker etter at brevet er motteke. Med bakgrunn i eventuelle merknadar vil kommuna vurdere og gjera vedtak.

Det er ingen klagerett på varselet, klageretten kjem først når eit vedtak er fatta. Men eventuelle merknadar skal takast hensyn til når ein fattar vedtak.

Med hilsen

Glen Arvid Valstad
Avdelingsleiar KAV

Elektronisk godkjent uten signatur